



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 22.04.2016

Vår ref.: 2016/1915-6

Saksbehandlar: monsera

Dykkar ref.: 16/97 – 16/4722

Kulturminnefagleg fråsegn etter synfaring - Ystebø - gnr 99 bnr 7 - delingssak - Radøy kommune

Viser til brev datert 15.02.2016 med ovanfor nemnde sak til fråsegn, og vårt brev datert 11.03.2016 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Viser også til vedtak om dispensasjon fra plankrav for deling og oppføring av tomannsbustad, samt løyve til deling med føremål tomannsbustad i det aktuelle arealet datert 06.04.2016. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Den kulturhistoriske synfaringa i det aktuelle området vart gjennomført 08.04.2016. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkningar i området. Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Vi vil minne om at kommunen ikkje bør fatte vedtak før forholdet til kulturminneinteresser er avklart. I vårt mellombelse svar med varsel om kulturhistorisk synfaring vurderte vi området til å ha potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Det er såleis uheldig at vedtaket vart fatta før Hordaland fylkeskommune fekk høve til å gje endeleg fråsegn i saka.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.